



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
TCH	2014/2007	16360/2014	111/2	17.10.2014

---

## Uttale - Søknad til Fjellandbruket - kvoteleige på gnr. 111/2

Viser til søknad om tilskot til Fjellandbruket på gnr. 111/2 i Vinje ved Olav Hommo. Det blir søkt om kr 130 000,- til å dekke kostnader for leige av mjølkekvote for geit i to år i samband med tiltak for auka produksjon av geitemjølke på garden. Ein syner til dokumentasjon og uttale frå kommunen vedlagt tidlegare søknad.

Søknaden gjeld ein ung familie som vil overta ein geitegard i drift. Dei vil doble produksjonen ved kvoteleige i samband med utbygging. Dei har leigd 65 000 liter frå Hemsedal for ein krone pr. liter over ti år. Etter at det blei mogleg å leige ut mjølkekvotar er det omtrent slutt på sal av kvoter. Vinje kommune har gjeve tilskot til kjøp av kvote - ikkje til leigekvotar. Det kan vere ei stor utfordring i ei utbyggingsfase å finansiere leige av ny kvote samstundes som ein også må finansiere innkjøp eller oppal av nye dyr. I tillegg vil det gjerne også gå eitt til to år før ein får levert mjølke på den nye kvota. Det vil derfor vere lette likviditeten i ein sårbar periode å få dekt opp leigekostnader innan ein får inntening på mjølkekvota

Sakshandsamar meiner at søknaden er i tråd med satsingsområdet for ordninga – "ungdom som vil satse". I føresegner er og spesifikt nemnt at det kan ytes tilskot til utredningar, og at tiltaket kan samfinansierast med andre ordningar – som til dømes Innovasjon Norge som i denne saka. Ein syner elles til kommunen sin uttale i samband med finansieringssøknaden til Innovasjon Norge – og vil tilrå søknaden.

Eitt eventuelt tilskot vil redusere anna finansiering i utbyggingsbudsjettet.

Med helsing

Thor Christiansen  
landbruksrådgjevar

Vedlegg:  
Søknad til Fjellandbruket – leige mjølkekvote  
Leigekontrakt  
Vedtak grunnkvote geit – Statens landbruksforvaltning

Sendt til:  
Olav Hommo Fiskestigen 1022 3890 VINJE  
Fylkesmannen i Telemark, Landbruksavdelingen Postboks 2603 3702 SKIEN